

Minnelund på Time kyrkjegard for falne under andre verdskrig



Time kommune



DEN NORSKE KYRKJA
Time kyrkjelege fellesråd

Minnelunden består av gravsteinen til venstre frå 1947 for dei fem timebuane som vart avretta i Trandumskogen i 1942; Jørsten Johansen, Ole Rosland, Torgeir Sikveland, Andreas Stensland og August Stensland.

Til høgre står gravsteinen frå 1948 for Tønnes Skjæveland, som sat på Grini og seinare vart sendt til konsentrasjonsleiar i Tyskland, der han døydde. Kona Aaslaug Skjæveland er gravlagd saman med mannen.

Kvar 17. mai har det før gudstenesta i Time kyrkje vore ei kort minnemarkering ved desse gravene.

17. mai 2018 vart det avduka eit nytt minnesmerke over andre timebuar som gav livet sitt for Noreg under andre verdskrig; Ragnar Falck, Torvald Hetland, Johan Ludvig Hjorth, Theodor Kaastrup, Jon Lemvik og Olav Øyri. Minnesmerket er plassert mellom dei to gravsteinane.

Gravsteinen for dei fem timebuane som vart avretta i Trandumskogen i 1942.

Mange jærbruar ville fortsetje kampen mot fienden etter at tyske styrkar hadde okkupert Noreg. Nokre vart heime og kjempa mot tyskarane, andre valde å krysse Nordsjøen til England for å halde fram kampen mot okkupasjonsmakta.

Fem unge timebruar saman med 13 andre jærbruar førebudde seg på å rømme til England i september 1941. Ei skøyte med namnet «Lykken» som låg i Obrestad hamn var kjøpt inn for 5000 kroner som tilsvarte to årslønner. Då båten skulle prøvekyrast, gjekk det gale og reisa måtte utsetjast. Det var skjebnesvangert, for Gestapo fekk vite om fluktforsøket og arresterte dei 18 jærbuane.

9. mai 1942 vart 17 av dei 18 dømde til døden, to vart benåda i siste time etter søknad om benådning. Dei var under 20 år, men fekk livsvarig tukthusstraff. Ein tredje mann vart dømt til fengsel i ti år.

I soloppgangen natt til 21. mai 1942 vart dei fem timebuane saman med 10 håbruar skotne i Trandumskogen.

Laurdag 8. september 1945 vart dei fem trandumoffera frå Time gravlagde i heimbygda. Dei vart lagde i ei fellesgrav på sørsida av kyrkja. Aldri har det vore samla så mykje folk ved kyrkja.

Søndag 12. oktober 1947 vart gravsteinen for dei fem avduka i samband med gudstenesta. Gravsteinen ber eit bronserelieff utført av bilethoggaren Erik Haugland og viser ei mor med guten sin i armene – eit symbol for fedrelandet. På gravsteinen står også namna til dei fem og teksten «Ofra livet for fedrelandet».



Jørsten Johansen (1914-1942)

Fødd 18. mai 1914 på Horpestad i Klepp. Seinare flytta familien til Rosaland på Bryne. Johansen hadde arbeid på gardar og var gift med Karen Elise Lode frå Nærbø. Dei hadde to barn. Han vart dødsdømt 9. mai 1942 for planlagt fluktforsøk. Natt til 21. mai vart han avretta i Trandumskogen av tyskarane.



Ole Rosland (1918-1942)

Fødd 19. desember 1918 på Steinsland i Time. Ugift. Gardsarbeidar. Han vart dødsdømt 9. mai 1942 for planlagt flukt. Natt til 21. mai vart han avretta i Trandumskogen av tyskarane.



Torgeir Sikveland (1913-1942)

Fødd 3. mai 1913 på Sikvaland i Time. Ugift. Sjøfør, lastebileigar og gardsarbeidar. Sikveland var med på dei tidlege kampane i Dirdal og Gloppedalsura. Han var sentral i planlegginga av flukta og hadde skaffa våpen og ammunisjon. 9. mai 1942 fekk han to dødsdommar for planlegging av båtflukt og oppbevaring av våpen og ammunisjon. Natt til 21. mai vart han avretta i Trandumskogen av tyskarane.



Andreas Stensland (1917-1942)

Fødd 8. juli 1917 på Steinsland i Time. Ugift. Sjøfører. Han var sentral i planlegginga og kjøp av båt. 9. mai 1942 fekk han to dødsdommar for planlegging av båtflukt og oppbevaring av våpen og ammunisjon. Natt til 21. mai vart han avretta i Trandumskogen av tyskarane.



Augustus Stensland (1919-1942)

Fødd 6. august 1919 på Steinsland i Time. Ugift. Gardsarbeidar. Han vart dødsdømt 9. mai 1942 for planlagt flukt. Natt til 21. mai vart han avretta i Trandumskogen av tyskarane.

Gravsteinen for Tønnes Skjæveland (1896-1945)



Fødd 22. november 1896 i Bjerkreim kommune. Skjæveland var lærar og kaptein og budde på Bryne. Forutan befalskule og krigsskule hadde han lærarutdanning og gymnastikkhøgskule. 15. april 1942 vart han arrestert under aksjonen mot lærarane. Han sat på Grini til 31. juli og vart 16. august 1943 saman med dei andre norske offiserane send til Tyskland. Tønnes Skjæveland døydd i Ostrovo 6. januar 1945 og vart gravlagd 10. januar i tyske Schildberg som nå er polsk. Mellom 500 og 600 sørgjande deltok i gravferda. På dagen tre år seinare, 10. januar 1948, var det gravferd frå Time kyrkje med urnenedsetjing på Time kyrkjegard.

Her er også kona Aaslaug Skjæveland f. Eskeland gravlagd.

Minnesmerket over busette i Time som gav livet sitt for Noreg under andre verdskrig

Time kommune i samarbeid med Den norske kyrkja i Time fekk i 2018 reist eit nytt minnesmerke over andre timebuar som gav livet sitt for Noreg under andre verdskrig. Gjennom utlysing i media har ein så langt som råd forsøkt å få med timebuar som ikkje allereie var heidra. Plasseringa av minnesmerket og opparbeidinga av den samla minnelunden er godkjent av Riksantikvaren.



Ragnar Falck (1904-1941)

Fødd 24. april 1904 i Børsa, Sør Trøndelag. Ugift. Familien flytta til Time der faren Anders Olsen Falck var distrikt-slege. Ragnar gjekk gymnas og tok etter det ingeniørutdanning i Gøteborg. Etter det fekk han arbeid ved ein bilverkstad på Bryne. I november 1941 omkom han då M/K Blia frå Bømlo forliste i Nordsjøen på veg til England.

M/L Blia gjekk 11. november 1941 ut frå Øklandsvågen i eit forferdeleg uver. Det var 43 menneske om bord. I Nordsjøen gjekk det gale. Båten vart truleg knust av bølgene og alle om bord omkom. Dette var det største forliset under Englandsfarten.

Englandsfarten var båttrafikken mellom det okkuperte Noreg og Storbritannia. Mange flykta til England for å vere med i kampen mot tyskarane, andre flykta for å hindre at dei skulle bli kalla inn til arbeids- eller soldatteneste for den tyske okkupasjonsmakta.



Torvald Hetland (1920-1944)

Fødd 27. september 1920 i Time. Ugift. Han vaks opp på Bryne der han var elev ved Rogaland landsgymnas. Torvald rømte saman med fleire kameratar frå landsgymnaset, mellom andre Leiv Øyri frå Kvernaland.

28. september 1941 tok dei ut med båten "Utnøringen" frå Bremnes. To dagar seinare kom dei til Shetland

etter eit forrykande uver. Han vart sendt med båt til Skottland og tog vidare til London. Der melde han seg for dei norske styresmaktene, og han vart teken ut til flyvåpenet.

Han fekk si flygarutdanning i Canada. I november 1942 fekk han flygarvingen og vart utnemnd til sersjant. Våren 1943 kom han til England og vart etter kvart ein del av 332 skvadronen. På sitt 50. tokt omkom han 14. april 1944 etter at han hoppa ut over Kanalen.



Jon Lemvik (1908-1940)

Fødd 4. oktober 1908 i Årdal i Sogn. Han vart gift med Grete Aarsvold Henriksen, og dei hadde ein son, Jan Lemvik. Far til Grete var apotekar og kom saman med familien til Bryne i 1927. Jon tok handelsgymnas og reiste til sjøs som fyrbøtar rundt 1937. Under evakueringa av Dunerque i 1940 vart han såra og innlagt på sjukehus.

11. mai 1940 døydde han og vart gravlagd i Rouen i Frankrike. Jan Lemvik fortel at familien har eit bilete av grava med eit norsk flagg, men dei har ikkje klart å oppspore grava i Frankrike.



Theodor Kaastrup (1895-1943)

Fødd 18. mai 1895. Gift med Magnhild. Dei hadde tre barn.

Kaastrup var postmeister ved Bryne postkontor frå 1928-1943. Han var ein roleg og likandes kar og ein sterk patriot – noko han ikkje var redd for å uttrykkje. Som postmeister hadde han ei strategisk stilling. I mars 1943 vart han brått sagt opp og arrestert, truleg etter at nokon angav han. Han vart dømt til forvisning frå Rogaland og Agderfylka. Berre tre veker seinare, 1. april, vart han funnen død. 6. april vart han gravlagd frå ei fullsett Time kyrkje. Kona Magnhild budde på Bryne heile livet. Ho døydde i 1972 og er gravlagd saman med mannen.

Under landssvikoppgjeret vart ein postdirektør dømt for å ha angitt Kaastrup. Kaastrup er nemnd som ein av postverket sine falne under krigen.

Kaastrup kom frå Arendal. På ei steintavle ved tidlegare «Arendals offentlige høyere allennskole» er Theodor Kaastrup oppført mellom elevar som fall under krigen.



Johan Ludvig Hjorth (1924-1943)

Fødd på Kvernaland

6. oktober 1924 og døydde 11.

februar 1943 i tysk fangenskap i

Sachenhausen. Fabrikkarbeidar.

Ugift.



Olav Øyri (1920-1942)

Fødd 23. september 1920 på

Kvernaland og døydde

19. september 1942 i tysk

fangenskap i Sachshausen.

Student. Ugift.

Bror til Olav Øyri, **Leiv Øyri**, var offiser og kom seg til Bremnes på Bømlo og derifrå i eit forrykande uver i november 1943 til Skottland. Dei to unggutane Johan Ludvig og Olav ville reise over til England og slutte seg til Leiv. Johan Ludvig og Olav kom seg til Stord og Bømlo, men dei måtte gjere vendereis fordi båten ikkje var klar. Dei to ungdommane kom tilbake til Kvernaland og kjende seg trygge heime. Men nokon varsla Gestapo. Johan Ludvig vart arrestert på fabrikkjen der han arbeidde.

Olav som på denne tida var formann i idrettslaget, hadde sendt eit brev til Gestapo i Stavanger om tilhøva for dei som ville drive idrett. Då han vart kalla inn til Gestapo, trudde Olav det handla om brevet. Men han vart arrestert og kom aldri heim.

Både Olav og Johan Ludvig vart sende til tysk fangeleir der begge døydde av dysenteri.

Kjelder: Jærbladet, Stavanger Aftenblad, Time gard og ætt,
Tor Ødemotland, Asgeir Lode: Englandsfarerne,
Familiemedlemmar, Våre falne 1939-45, Kyrkjebøker,
Leif Andenes, Cato Guhnfeldt Collection

Tekst: Steinar Sandvik, Time kyrkjelege fellesråd

